



Melding om vedtak

Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Vår ref.: 14/771-3

Dykkar ref.:

Arkiv: K1-

Dato: 17.06.2014

Høyring - Lov om godkjenning av låneopptak i formant av kommunereforma

Det er no gjort følgjande vedtak i saka:

16.06.2014 FORMANNSKAPET

FOR-052/14 Vedtak samrøystes:

Formannskapet sender følgjande uttale til Kommunal- og moderniseringsdepartementet:

«Høyring - Lov om statleg godkjenning av kommunale låneopptak og leigeavtalar før iverksetjing av kommunereforma.

Statleg godkjenning av kommunale vedtak er eit sterkt verkemiddel som vedkjem prinsippet om kommunalt sjølvstyre. Sjølv om den føreslåtte lovendringa ikkje vil ha direkte konsekvensar for Stranda kommune som allereie er i Robek, er formannskapet i Stranda kritisk til framlegget på prinsipielt grunnlag. Problemstillinga om strategisk tilpassing av økonomiske disposisjonar (lån og garantiar) er relevant, men formannskapet meiner løysinga heller bør ligge i nær dialog mellom Fylkesmannen og kommunane, og at Fylkesmannen om nødvendig bruker eksisterande handlingsrom i Kommunelova, § 59 (nr.5), der departementet, dvs Fylkesmannen på eige initiativ kan ta ei avgjerd opp til lovlegkontroll.

Lovframlegget vil også innebere vanskeleg avvegingar for Fylkesmannen der Fylkesmannen gjennomgåande blir gitt definisjonsmakt av kva kommunale vedtak som er «føremålstenlege» eller «uheldige økonomiske disposisjonar». Departementet uttalar at eit av omsyna er «å sørge for at nye bygg osb. ikkje får ei lokalisering som gjer drifta av den nye kommunen vanskeleg». Lokale behov kan variere mykje, og dette forslaget kan verke som ei svært sterkt inngripen i kommunane sine avgjerdar. Lokalt kan det vere rasjonelle behov for å oppføre bygg i kommunen sitt tenesteområde, og det kan ha store konsekvensar om ikkje den einskilte kommune kan gjere dette fordi ein i 3-5 år skal avvente utfallet av kommunereforma som mest truleg ikkje vil endre kommunegrensene for alle kommunar.

Dersom ordninga blir gjennomført må regjeringa sikre at Fylkesmannen gjennomfører ei effektiv og ubyråkratisk handsaming av søknader frå kommunane. Det kan vere krevjande i eit fylke som Møre og Romsdal med 36 kommunar.»

Med helsing
Stranda kommune

Per Ivar Lied
Rådmann

Dette brevet er godkjent elektronisk i Stranda kommune og har derfor ikkje signatur.